

Sterkt møte med akkordeon-dronninga

Intenst og smertefullt, vakkert og vondt. Og med ein komponist som sat dirrande ytst på stolkant.

► PORTRETTKONSERT

Ein konsert med Sofia Gubaidulina sin musikk er ei opprivande og sterk oppleving. Musikken grev seg inn i sjela di og dreg deg gjennom eld og brenning, anten du vil eller ikkje. Hamrande nådelaus i den eine augneblinken, merkeleg og uvant vakker i den neste. Men heile tida organisk og kroppslig, direkte og utan omvegar. Frå hjarta til hjarta.



INTENS TRIO: Tittelen In silencio ei hylling til stilla, innebar ikkje at fiolinist Geir Inge Lotsberg, akkordeonist Geir Draugsvoll og cellist Øyvind Gimse kunne slappa av eit einaste sekund.

Dronninga

Konserten i Osasalen tysdag kveld var eit resultat av at den russiske, snart 87 år gamle, komponisten Sofia Gubaidulina er festspelkomponisten i Bergen dette året. Og ettersom akkordeon-professor og strending Geir Draugsvoll òg var i Bergen for å framføra verk ho har spialskrive for han, og ettersom Voss kommune var så positiv til å sponsa ein portrettkonsert til ære for Dronninga av akkordeon, kunne ikkje Draugsvoll lata sjansen gå frå seg.

– Det som gjer Gubaidulina og musikken hennar så spesiell er fyrst og fremst koplinga ho gjer mellom dei religiøse og spirituelle på den eine sida og det fundamentale og forstålege på den andre sida. I tillegg har ho ein klangsans som utnyttar instrumentet til det ekstreme, samstundes som ho maktar å gjera dette ekstreme til ein heilt naturleg del av musikken, forklarar Draugsvoll. Den København-baserte professoren har samarbeidd tett med Gubaidulina gjennom fleire tiår.

Foredrag

Ein heil dag på Voss, kombinert med det fantastiske sommarvêret gav Geir også høve til å syna den russiske meisteren heimbygda. Mellom anna tok han henne med seg på ein biltur opp til Tvindefossen, noko Gubaidulina sette stor pris på.

Før konserten inviterte Draugsvoll til Collaborative Spaces – ein presentasjon i ord og tonar av det heilt spesielle samarbeidet mellom komponist og musikal. Eit samarbeid der musikaren er ein del av den skapande prosessen heilt frå starten av.

I den sterke varmen og det flotte vêret, var det overraskande mange som hadde funne vegen til Osasalen. Fleire av dei var tilreisande, mellom dei ein tysk journalist frå Norddeutscher Rundfunk – med hovudkontor i Hamburg. Han hadde dekka tre dagar av Festspillene, og var no på veg til

Oslo. Då han fekk høyra om denne spesielle konserten på Voss, var han ikkje i tvil om at det var verd å gjera ein stogg – med overnatting – her. Det angra han ikkje på.

To delar

Konserten, som var i to delar, opna med soloverket De Profundis frå 1978. Verket er bygd over Davidssalme nr 130: Frå djupet ropar eg på deg, min Herre!

– De Profundis var litt av ein sensasjon då det kom, og eg trur trygt eg kan seia at dette er det mest spelte stykket moderne musikk i verda i dag, sa Draugsvoll før han sette i gang.

Det er ikkje vanskeleg å forstå kva Geir meiner med at Gubaidulina utfordrar instrumentet på det mest ekstreme. Ho er svært oppteken av det dynamiske i at akkordeonet pustar nesten likt eit menneske, og dette elementet nyttar ho til fulle. Inntrykket av ei sjel som ropar frå djupnene av si naud festa seg raskt, men samstundes er verket så utrueleg sofistikert elegant.

Og det er ikkje berre instrumenta som får køyrd seg, det får sanneleg også musikalane. I verket Silenzio – ei hylling til stilla, hadde Draugsvoll med seg Geir Inge Lotsberg på fiolin og Øyvind Gimse på cello. I intense sekvensar var dei tre like mykje i lufta som på setet, og sveitten dreiv ikkje berre fordi det var så varmt i Osasalen.

Intenst til stades

Etter eit kvarters pause, var det Ida Løvli Hidle sin tur. Den tidlegare studenten til Draugsvoll, no premiært akkordeonist og samarbeidspartnar rundt nyskapinga NordAccordion – festivalen og kurset som skal gå av stabelen på Voss 22.-27. juli, framførte Et Exspecto – bygd over det siste messeleddet i den katolske messa. Løvli Hidle har samarbeidd med Gubaidulina i samband med nytutgjevinga av soloverket som er frå 1986. Teknisk og tempomessig utfordrande, med utstrekt bruk av



EI ÆRE: Øyvind Gimse, gav som dei andre musikalane, uttrykk for at det var ei stor ære å få framføra musikk av Sofia Gubaidulina, med komponisten sjølv til stades. Geir Draugsvoll istemmer hyllinga.

harmoniseringar og klusterakkordar som gjev assosiasjonar til dei store orgelmeistrane.

Gjennom heile konserten var komponisten intenst konsentrert til stades. Dei kvikke augo fylgde kvar minste tone og rørsle, ho lente seg framover så ein nesten var redd ho ville stupa i golvet, hendene vrei og vende seg, og munnen rørde seg som i ein uhøyrleg samtale med musikalane eit par meter unna.

Lidinga

– No er me komne til avslut-

ninga, og detta e dan ekta varo! annonserte Geir – før han og cellist Gimse avslutta konserten med In Croce – På krossen – frå 1979.

Og for ei vare dei leverte! Krossmotivet er sterkt til stades i mykje av Gubaidulina sin musikk – både musikalsk og grafisk. In Croce er kanskje sjølve krundømet, der akkordeonstemma startar i diskanten – på toppen av krossen – og vandrar skrått nedover, medan cellostemma går motsett veg. Der dei to stemmene møtest er det

ei slik intens kjensle av liding, blod og død, at underteikna knapt kan hugsa å ha opplevd noko liknande. I alle fall har aldri lidingsoga på krossen vorte så levande og hårreisande menneskeleg framstilt som her.

Konserten fungerte også som reklame for NordAccordion, og står festivalen i stil med kvaliteten tysdag, går publikum ei stor veke i møte.

► Nils Kvamsdal

nk@avisa-hordaland.no